



Ragnar Bratland  
Galtenesvegen 57  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/3182 - 17/33061

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
22.11.2017

## Utsleppsløyve for 6 hytter - gbnr 227/27, 227/28, 227/29, 227/30, 227/31 og 227/36 Molvik

Administrativt vedtak: **Saknr: 542/17**

Byggestad: Gbnr: 227/27  
Tiltakshavar: Ragnar Bratland

Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsgorskrifta **Velg et element.**

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for for 6 hytter på gbnr 227/27, 227/28, 227/29, 227/30, 227/31 og 227/36 i Molvik. Anlegget omfattar leidningar frå hyttene til minireinseanlegget, sjølve minireinseanlegget og utsleppsleidningen vidare til bekk.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg av typen Klargester BioDisc før utsleppet vert ført vidare til bekk med heilårsvassføring.

Storleiken til utsleppet er opplyst til å vera 30 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 25.10.2017.

#### Planstatus

Eigedommane det er søkt om utslepp frå, ligg delvis i regulert og delvis i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som fritidsbusetnad. Minireinseanlegget og noko av leidningsnettet ligg i LNF.

#### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2/ § 13-4 nr. 2.  
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje nødvendig med uttale frå anna styresmakt.

### **Passering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 25.10.2017

### **Reinseløysing**

Utsleppet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Klargestor BioDisc. Anlegget er godkjent etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser, jf. forureiningsforskrifta § 12-8/§ 13-8.

### **Drift og vedlikehald**

Det er lagt ved serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget i søknaden, jf. forureiningsforskriften § 12-13 2.ledd/§ 13-11 3.ledd.

### **Privatrettslege tilhøve**

Reinseanlegget er plassert gbnr 227/1 . Utsleppsleidningen er lagt på den same eigedommen fram til bekk.

Det ligg føre skriftlege avtalar mellom tomteeigarane og eigaren av gbnr 227/1 om rett til legging av leidningar og plassering av reinseanlegget.

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avlaupsleidning bør tinglysast på eigedomane.

### **VURDERING**

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast når det vert sett krav til reinsing av utsleppet i biologisk/kjemisk reinseanlegg med utslepp til bekk med heilårs vassføring.

### **Plassering**

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart mottatt 25.10.2017. *Plan for hyttebebyggelse i Molvik (1978)* viser felles slamavskiljar plassert utanfor planområdet. Kommunen legg til grunn at dette kan vidareførast med plassering av felles reinseanlegg i LNF like utanfor det arealet som er sett av til hytter i kommuneplanen, og ikkje treng dispensasjon. Det same gjeld for leidningar i LNF, som vil vera nedgravde, medføra små terrengingrep og i liten grad gje synlege spor, jf skriv frå Kommunal og moderniseringsdepartementet datert 10.06.2015.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap 20.

Søknaden om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova vert handsama i eige vedtak.

### **VEDTAK**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp frå BioDisc minireinseanlegg frå eigedom gbnr. 227/27 m.fl. på følgjande vilkår:**

- 1. Anlegget skal plasserast slik vist på kart motteke 25.10.2017**
- 2. Reinseanlegget skal plasserast slik at det kan driftast og vedlikehaldast av godkjend føretak.**
- 3. Det skal liggja føre serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget.**
- 4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller annan fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**
- 5. Eigar av utsleppet er ansvarleg for eventuell forureining frå anlegget, jf. forureiningslova §7.**
- 6. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Enkeltvedtak gjort i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forureiningsloven § 85](#) annet ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak truffet av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak truffet i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utslippet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utslепpsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/3182**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Hjelmås Vvs AS

Leknesvegen 183 5915

HJELMÅS

**Mottakarar:**

Ragnar Bratland

Galtenesvegen 57 5918

FREKHAUG